



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

| | |
|----------------------|--------------------------------|
| Organisasjonsnummer: | 915 963 420 |
| Organisasjonsform: | Forening/lag/innretning |
| Foretaksnavn: | SKJÅK ALMENNING |
| Forretningsadresse: | Industrivegen 10 2690 SKJÅK |

Regnskapsår

| | |
|-------------------------|-------------------------|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2024 - 31.12.2024 |
|-------------------------|-------------------------|

Konsern

| | |
|---------------------------|-----|
| Morselskap i konsern: | Ja |
| Konsernregnskap lagt ved: | Nei |

Regnskapsregler

| | |
|--|------------------------------------|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|--|-------------------------|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Kristen Haugen Dagsgard |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 02.04.2025 |

Grunnlag for avgivelse

- År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 20.05.2025



Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Salgsinntekt | 1 | 20 806 933 | 19 117 207 |
| Annen driftsinntekt | | 615 614 | 506 612 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 1 698 323 | 1 324 229 |
| Sum inntekter | | 23 120 870 | 20 948 049 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnad | 1 | 5 416 329 | 5 269 243 |
| Lønnskostnad | 1, 3 | 5 120 838 | 4 487 814 |
| Avskrivninger | 1, 4 | 830 800 | 878 868 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 1 186 800 | 975 400 |
| Annen driftskostnad | 1 | 6 405 215 | 5 048 287 |
| Sum kostnader | | 18 959 983 | 16 659 612 |
| Driftsresultat | | 4 160 888 | 4 288 437 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Renteinntekt frå føretak i same konsern | 5 | 170 822 | 144 534 |
| Anna renteinntekt | | 2 104 490 | 1 631 290 |
| Annen finansinntekt | | 2 219 868 | 501 768 |
| Sum finansinntekter | | 4 495 180 | 2 277 592 |
| Annen finanskostnad | 9 | 174 834 | 3 820 615 |
| Sum finanskostnader | | 174 834 | 3 820 615 |
| Netto finans | | 4 320 346 | -1 543 023 |
| Resultat før skattekostnad | | 8 481 234 | 2 745 413 |
| Skattekostnad på resultat | | 734 373 | 623 834 |
| Årsresultat | | 7 746 861 | 2 121 579 |
| Årsresultat etter minoritetsinteresser | | 7 746 861 | 2 121 579 |
| Totalresultat | | 7 746 861 | 2 121 579 |



Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|--|------|------------------|------------------|
| Overføringer og disponeringar | | | |
| Avsatt til fond | 7 | 539 546 | 449 087 |
| Ordinært utbytte | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Bruksrettrabatter | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Kvantumsrabatter | | 665 863 | 598 527 |
| Andre ytinger | | 534 759 | 901 377 |
| Avsatt til annen egenkapital | 8 | 3 743 183 | |
| Overført fra annen egenkapital | 8 | | -1 787 952 |
| Sum overføringer og disponeringar | | 7 746 861 | 2 121 579 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Immaterielle egedelar | | | |
| Varige driftsmiddel | | | |
| Innkjøpt grunn | | 560 892 | 309 530 |
| Bygninger | 4 | 6 440 068 | 6 387 982 |
| Opparbeidingskostnader hyttefelt | | 1 889 309 | 1 662 352 |
| Maskiner og anlegg | 4 | 323 601 | 616 901 |
| Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr | 4 | 22 001 | 28 900 |
| Sum varige driftsmiddel | | 9 235 870 | 9 005 665 |
| Finansielle anleggsmiddel | | | |
| Investeringar i dotterselskap | 5, 9 | 10 303 160 | 10 303 160 |
| Lån til føretak i same konsern | 5 | 7 101 500 | 7 861 500 |
| Investeringer i aksjer og andeler | 9 | 5 170 500 | 10 341 074 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | 22 575 160 | 28 505 734 |
| Sum anleggsmiddel | | 31 811 030 | 37 511 399 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Krav | | | |
| Kundefordringer | | 1 383 423 | 1 233 557 |
| Andre kortsiktige fordringer | | 967 170 | 764 730 |
| Sum krav | | 2 350 593 | 1 998 287 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 54 658 394 | 45 454 490 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 54 658 394 | 45 454 490 |
| Sum omløpsmiddel | | 57 008 987 | 47 452 776 |
| SUM EIGEDELAR | | 88 820 017 | 84 964 175 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|--|------|-------------------|-------------------|
| BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten egenkapital | | | |
| Annan innskoten egenkapital | 10 | 233 600 | 233 600 |
| Sum innskoten egenkapital | | 233 600 | 233 600 |
| Opptent egenkapital | | | |
| Bundne fond | 7 | 10 207 112 | 10 173 136 |
| Verneområdeerstatning | 7 | 18 408 689 | 18 363 091 |
| Annen egenkapital | 7, 8 | 56 244 145 | 52 040 961 |
| Sum opptent egenkapital | | 84 859 946 | 80 577 189 |
| Sum egenkapital | | 85 093 546 | 80 810 789 |
| Sum langsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | 5 | 520 683 | 591 645 |
| Udisponert resultat | | | |
| Betalbar skatt | | 734 373 | 623 834 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 309 794 | 398 505 |
| Utbytte | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 1 029 866 | 1 559 133 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 3 726 471 | 4 153 387 |
| Sum gjeld | | 3 726 471 | 4 153 387 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 88 820 017 | 84 964 175 |



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2025 412782

Enheten

Organisasjonsnummer: 915 963 420
Organisasjonsform: Forening/lag/innretning
Foretaksnavn: SKJÅK ALMENNING
Forretningsadresse: Industrivegen 10
2690 SKJÅK

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Kristen Haugen Dagsgard
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 02.04.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 19.05.2025



Organisasjonsnr: 915 963 420
SKJÅK ALMENNING

RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Salgsinntekt | 1 | 20 806 933 | 19 117 207 |
| Annen driftsinntekt | | 615 614 | 506 612 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 1 698 323 | 1 324 229 |
| Sum inntekter | | 23 120 870 | 20 948 049 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnad | 1 | 5 416 329 | 5 269 243 |
| Lønnskostnad | 1, 3 | 5 120 838 | 4 487 814 |
| Avskrivninger | 1, 4 | 830 800 | 878 868 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 1 186 800 | 975 400 |
| Annen driftskostnad | 1 | 6 405 215 | 5 048 287 |
| Sum kostnader | | 18 959 983 | 16 659 612 |
| Driftsresultat | | 4 160 888 | 4 288 437 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Renteinntekt frå føretak i same konsern | 5 | 170 822 | 144 534 |
| Anna renteinntekt | | 2 104 490 | 1 631 290 |
| Annen finansinntekt | | 2 219 868 | 501 768 |
| Sum finansinntekter | | 4 495 180 | 2 277 592 |
| Annen finanskostnad | 9 | 174 834 | 3 820 615 |
| Sum finanskostnader | | 174 834 | 3 820 615 |
| Netto finans | | 4 320 346 | -1 543 023 |
| Resultat før skattekostnad | | 8 481 234 | 2 745 413 |
| Skattekostnad på resultat | | 734 373 | 623 834 |
| Årsresultat | | 7 746 861 | 2 121 579 |
| Årsresultat etter minoritetsinteresser | | 7 746 861 | 2 121 579 |
| Totalresultat | | 7 746 861 | 2 121 579 |
| Overføringar og disponeringar | | | |
| Avsatt til fond | 7 | 539 546 | 449 087 |
| Ordinært utbytte | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Bruksrettrabatter | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Kvantumsrabatter | | 665 863 | 598 527 |
| Andre ytinger | | 534 759 | 901 377 |
| Avsatt til annen egenkapital | 8 | 3 743 183 | |



| | | | |
|--|---|------------------|------------------|
| Overført fra annen egenkapital | 8 | | -1 787 952 |
| Sum overføringer og disponeringar | | 7 746 861 | 2 121 579 |



Organisasjonsnr: 915 963 420
SKJÅK ALMENNING

BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Immaterielle egedelar | | | |
| Varige driftsmiddel | | | |
| Innkjøpt grunn | | 560 892 | 309 530 |
| Bygninger | 4 | 6 440 068 | 6 387 982 |
| Opparbeidingskostnader hyttefelt | | 1 889 309 | 1 662 352 |
| Maskiner og anlegg | 4 | 323 601 | 616 901 |
| Driftsløsøre, inventar o. a. utstyr | 4 | 22 001 | 28 900 |
| Sum varige driftsmiddel | | 9 235 870 | 9 005 665 |
| Finansielle anleggsmiddel | | | |
| Investeringar i datterselskap | 5, 9 | 10 303 160 | 10 303 160 |
| Lån til foretak i same konsern | 5 | 7 101 500 | 7 861 500 |
| Investeringer i aksjer og andeler | 9 | 5 170 500 | 10 341 074 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | 22 575 160 | 28 505 734 |
| Sum anleggsmiddel | | 31 811 030 | 37 511 399 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Krav | | | |
| Kundefordringer | | 1 383 423 | 1 233 557 |
| Andre kortsiktige fordringer | | 967 170 | 764 730 |
| Sum krav | | 2 350 593 | 1 998 287 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o. l. | | 54 658 394 | 45 454 490 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 54 658 394 | 45 454 490 |
| Sum omløpsmiddel | | 57 008 987 | 47 452 776 |
| SUM EIGEDELAR | | 88 820 017 | 84 964 175 |

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



| | | | |
|-----------------------------------|------|-------------------|-------------------|
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Annan innskoten | | | |
| eigenkapital | 10 | 233 600 | 233 600 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 233 600 | 233 600 |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Bundne fond | | | |
| | 7 | 10 207 112 | 10 173 136 |
| Verneområdeerstatning | | | |
| | 7 | 18 408 689 | 18 363 091 |
| Annen egenkapital | | | |
| | 7, 8 | 56 244 145 | 52 040 961 |
| Sum opptent eigenkapital | | 84 859 946 | 80 577 189 |
| Sum eigenkapital | | 85 093 546 | 80 810 789 |
| Sum langsiktig gjeld | | | |
| | | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | | |
| | 5 | 520 683 | 591 645 |
| Udisponert resultat | | | |
| | | 734 373 | 623 834 |
| Betalt skatt | | | |
| | | 309 794 | 398 505 |
| Skyldig offentlige avgifter | | | |
| | | 1 131 755 | 980 270 |
| Utbytte | | | |
| | 6 | 1 029 866 | 1 559 133 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 3 726 471 | 4 153 387 |
| Sum gjeld | | 3 726 471 | 4 153 387 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 88 820 017 | 84 964 175 |



Organisasjonsnr: 915 963 420
SKJÅK ALMENNING

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
3

Tal på årsverk i rekneskapsåret
6.00

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernrekneskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets


Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2024



Januarsol på Billingen. Foto: Astrid Bjørnstad





**ÅRSMØTET BLIR HALDE PÅ SKJÅK TURISTHEIM
ONSDAG 30. APRIL 2025 KL. 11:00**

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei framømte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2024
5. Orientering frå styret og styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2025 for styremøte og andre møter, og fast godtgjersle til styreleiar
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av 2 av 3 medlemmar til Revisjons- og kontrollutval 2025-2027
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på allmenningskontoret seinast 1 veke før årsmøtet)


Styret for Skjåk Almenning

*Skjåk Almenning - til det beste for jordbruket
og til glede for alle*



ÅRSMELDING 2024

1. EIGARSKAP OG ORGANISERING



Almenningsstyret

| | | | |
|---------------------------------|-----------|-----------------------|-----------|
| Kjell Egil Ramstad (styreleiar) | 2024-2028 | Arnstein Fjerdingsren | 2022-2026 |
| Kjell Aaboen (nestleiar) | 2024-2028 | Vidar Vange | 2022-2026 |
| Ola Steinbakke | 2024-2028 | Ragnhild Løkken | 2022-2026 |
| Bjørnar K. Stenersen | 2024-2028 | | |

Vara for styret

| | | | |
|----------------------|-----------|--------------------|-----------|
| Per Øyvind Ørjasæter | 2024-2028 | Malene Dagsgard | 2022-2026 |
| Pål Eiesar | 2024-2028 | Marius Andreassen | 2022-2026 |
| Kari Hånsnar | 2024-2028 | Bernt Joachim Dahl | 2022-2026 |
| Else Mona S. Bøye | 2024-2028 | | |

Valkomite

| | | | |
|---------------------|-----------|-----------------------------|-----------|
| Anita Tråstad | 2024-2028 | Mona Haugen Grimstad (vara) | 2024-2028 |
| Liv Oddrun Maurstad | 2024-2028 | Tore Gjeilo (vara) | 2024-2028 |
| Jon Roger Risheim | 2024-2028 | | |
| Siv Andersbakken | 2024-2028 | | |

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

Møter og revisjon

Det er halde 9 ordinære styremøte i 2024, der det til saman vart handsama 61 saker. Revisor er Ernst & Young AS, medan revisjons- og kontrollutvalet består av: Egil Mork (2023-2025), Lars Petter Forberg (2023-2025) og Gudbrand Hyrve (2024-2026).



Årsmøtet 2024

Årsmøte med val vart halde på Skjåk Turistheim 25. april 2024. Det deltok 49 bruksberettiga inkludert styret.

Representasjon

Skjåk Trelast AS
Bygger'n Skjåk AS
Breheimen Nasjonalparkstyre
Reinheimen - Breheimen Villreinutval
Bruksrettsutval Skjåk Almanning
Rådgevande utval Breheimen Nasjonalpark
Skjåk Turløyper SA
AS Vågåfisk
Vedlikehaldsforeininga for Tundradalsvegen

Skjåk Biovarme AS
Gudbrandsdal Massivtre AS
Måråe Kraftverk AS
Sameiget Sotvegen
Sekretærfunksjon Reinheimen-Breheimen
Villreinutval

Kjell Egil Ramstad (Styremedlem)
Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Kjetil Brandsar (styremedlem) / Birgit Bilstad (vara)
Kjell Egil Ramstad og Birgit Bilstad
Kjell Egil Ramstad, Vidar Vange og Ragnhild Løkken
Birgit Bilstad
Kristen Dagsgard (styreleiar)
Kristen Dagsgard
Kjell Olstad (styreleiar) t.o.m. 1. feb. 2024.
Tor Erik Myhren (styreleiar) f.o.m. 15. mars 2024.
Kjetil Brandsar (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Kjetil Brandsar (styremedlem) til oppbod 3/12-2024
Kjetil Brandsar (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Birgit Bilstad (styreleiar)

Kristen Dagsgard

Tilsette

Allmenningsstyrar
Utmarksrettleiar
Utmarksrettleiar
Utmarksrettleiar
Utmarksrettleiar
Kontormedarbeidar
Kontormedarbeidar
Økonomileiar

Kjetil Brandsar (t.o.m. 31.12.2024)
Birgit Bilstad
Kristen Dagsgard (i permisjon frå 15.10 - 31.12.2024)
Kjell Olstad (t.o.m. 1. februar 2024)
Tor Erik Myhren (f.o.m. 15. mars 2024)
Kari Elin Sperstad (t.o.m. 30. april 2024)
Kari Lauten (f.o.m. 1. april 2024)
Astrid Bjørnstad

Skifte av mannskap i administrasjonen

Kjell Olstad vart tilsett i Skjåk Almanning som skogformann i 1992, og hadde sin siste arbeidsdag i Skjåk Almanning 29. februar 2024 - etter heile 31,5 år! Kari Elin Sperstad har vore tilsett som kontormedarbeidar i Skjåk Almanning sidan 2007, og hadde sin siste arbeidsdag i Skjåk Almanning 30. april 2024. Skjåk Almanning takkar dei begge for lang og god tenest.



To spreke pensjonistar, Kari Elin Sperstad og Kjell Olstad vart takka av i 2024.



To ledige stillingar vart utlyst på slutten av 2023, med søknadsfrist 3. januar 2024. Det vart totalt 55 søkjarar, der mange var godt kvalifiserte. Etter intervjurunde med fleire søkjarar vart Tor Erik Myhren (50 år) tilsett som tilsyn / vedlikehaldsansvarleg, og Kari Lauten (38 år) tilsett som kontormedarbeidar. Med dette, i tillegg til skifte av styrar vart halvparten av administrasjonen skifta ut i løpet av eit halvår.

Allmenningsstyrar

Kjetil Brandsar vart tilsett som ny allmenningsstyrar med verknad frå 1. november 2023. Gjennom året som allmenningsstyrar fekk han sett seg godt inn i verksemda med dotterselskap, og lagt ned ein solid innsats. Dessverre sa han opp stillinga si 1. oktober, med verknad frå 1. januar 2025 av omsynet til familielivet. Allmenningsstyret starta prosessen med å finne ny allmenningsstyrar i oktober 2024, og stillinga vart lyst ut i november. Stillinga var ved årskifte ubesett.


2. BRUKSRETT

Retningslinjer for bruksrett med rabatt- og tilskotssatsar har ikkje vorte endra i 2024. Styret har gjennom året hatt fokus på om det er grep som kan gjerast for å bidra til det beste for landbruket.

Det har vore arbeidd vidare med bruksrettsgjennomgang også i 2024. Som følge av dette har ytterlegare eit bruk mista bruksretten sin. Saka vart påklaga i 2023, men styret opprettheldt vedtaket om bortfall av bruksrett i 2024.

I 2024 vart det 135 stk. (131) gardsbruk som søkte produksjonstilskot i Skjåk, dvs. ei auke på 4 frå året før. Totalt vart det sleppt 5019 dyr på utmarksbeite i Skjåk Almenning i 2024, mot 5364 dyr i 2023. Tapet av sau til rovdyr er framleis altfor høgt, der forskjellen mellom besetningane var stor. Av sleppte sau og lam er rovdyrtapet på 11,6 % i 2024, mot 12,5 % i 2023. Denne situasjonen og utviklinga er ikkje haldbar, og særleg dei siste 3 åra har tapstal og rovdyrbestanden vore langt over eit akseptabelt nivå.

Antall dyr på utmarksbeite 2014-2024



Utvikling i talet på dyr på utmarksbeite i perioden 2014-2024, fordelt på sau, storfe og geit. Tap av sau på utmarksbeite er markert med svart line. Eventuelle tapte storfe og geit er ikkje teke med i framstillinga.

Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga frå Skjåk Almenning utgjorde i 2024 på 3,5 MNOK. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til mellom 3,5 MNOK og 4 MNOK.



Storfe på utmarksbeite. Foto: Ola Løkken

I 2024 er det betalt ut kr 534 759,- i samla tilskot frå Skjåk Almenning. Av dette gjekk kr 496 209 til driftsbygning i landbruket, og resten til gjerdetilsnitt.

Rabattsatsen på flis og kutterflis til dyrestø har vore 60 % dei siste 2 åra, og det vart utbetalt kr 623 997,- i bruksrettsytingar til flis i 2024. I tillegg kjem kvantumsrabatt på 18 %.

3. SKOGEN

Skjåk Almenning er medlem av Glommen Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og skogforvaltningen på eigedomen skjer i tråd med FSC Prinsipp og Kriterier. Glommen Mjøsen Skog er sertifisert gjennom Soil Association Certification Ltd. I tillegg er Skjåk Almenning medlem av Glommen Mjøsen Skogs PEFC sertifikat, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard.

Almenninga har eigen skogbruksplan og forvaltningsplan. Planane inkluderer kartlegging og omtale av miljø- og kulturminne og fleirbruksomsyn, og blir revidert regelmessig. Siste skogtakst frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82 051 daa, der 1 718 daa utgjer nøkkelbiotopar. I tillegg er om lag 54 000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Sistnemnte er Reinheimen- og Breheimen Nasjonalparkar med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Årleg tilvekst på det produktive arealet i hogstklasse 3, 4 og 5 er 15 100 m³, medan årleg balansekvantum ligg på om lag 11 000 m³. Hogstkvantumet er fordelt mellom kabelkranterreng og hogstmaskinterreng. Furu blir foryngd ved planting eller naturleg forynging. Suppleringsplanting skjer der det er nødvendig og tilstanden til skogen blir vurdert som stabil og tilfredsstillande.

Ved gjennomføring av skogbrukstiltak blir det gjort før- og ettervurderingar. I dette ligg gjennomgang av aktuelle databasar for miljø og kulturminne. Biologisk rådgjevar er brukt der det er aktuelt med avklaring av enkelte artsfunn og naturtype-områder. Det er ikkje avdekt skader eller andre utilsikta forstyrningar på verneområde eller nøkkelbiotopar. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år. Almenninga har aktivitet knytt opp mot fritidsaktivitetar og friluftsliv,

og har gjennom representasjon og møter dialog med aktuelle brukargrupper. Skogsbilvegane er i hovudsak opne gjennom den snøfrie delen av året.

Skjåk Almenning hadde eksternrevisjon av sin FSC-sertifisering også i 2024, slik som det har vore kvart år sidan 2018. Det vart ikkje funne noko avvik.

Hogst

Innmålt kvantum i 2024 var totalt 8 859 m³, der bjørk utgjør 91 m³, og furu resterande volum.

Av volumet var 59 % sagtømmer, medan resten var slip og anna vyrke. Snittprisen på skurtømmer og slip gjennom året var høvesvis 643 kr/m³ (513) og 440 kr/m³ (351), ein betydeleg oppgang frå i 2023.

Sagtømmeret gjekk til Skjåk Trelast AS (67 %) og Moelven (33 %), medan nær alt slipkvantumet gjekk til Skjåk Trelast (99,4 %) og ein liten del til Glommen Mjøsen Skog.

All omsetning av vyrke går gjennom Glommen Mjøsen SA, og det er også dei som står for hogst og framkøyring gjennom innleigde entreprenørar.



Bra forynging av skogen. Foto: Ola Løkken.

Skogkultur

Det er planta totalt 44 700 planter, der 6 750 planter er gran og resten furu. Kostnaden, inklusiv supplering, er 7,13 kr/plante (6,6).


Det er utført ungsogpleie på 690 da (808), med ein kostnad på 497 kr/daa (520). Det er utført førehandsrydding på 19,8 da i 2024.

Markberedning med lassbærar vart utført på 419 da. Markberedning med gravemaskin vart utført på 77,9 da - til saman 497 da.

Det er ikkje gjort bruk av kjemiske- eller biologiske midlar. Kostnadane er før eventuelle tilskot.

Skogkulturarbeidet vart i hovudsak utført av Glommen-Mjøsen Skog SA.

Avvirkningskvantum fordelt på andelen skur og slip i perioden 2014-2024



Innmålt hogstkvantum 2014-2024, fordelt på slip og skurtømmer.

Vegar og veganlegg

Det vart bygd ny veg i Heggebottlie i 2024. Søre Heggeåvegen (370 m lang) i i Heggebottlie vart ferdiggodkjent som skogsbilveg klasse IV. Kostnadene på veggen vart kr 505 806,- og det vart ytt kr 202 322,- i tilskott til veggen. I tillegg vart Slirstrondvegen grusa strekkvis der behovet var størst. Enkelte skogsvegar vart også krattknust.

Brumillomsvegen vart nedklassifisert frå kommunal til privat veg – og formelt overdratt frå Skjåk kommune sommaren 2024. Det er fleire interessentar i veggen, og ein tenkjer at det er mest ryddig å sende saka over til jordskifteretten for å få ei bruksordning for veggen så snart som mogleg.


Vedlikehaldskostnadane for veg blir ikkje mindre framover, med både villare og våtare vær til alle årstider. Vinter og vår 2024 vart det brukt mange dagsverk på å tine stikkrenner langs vegane, då det var kjøvingar mange stader. Ein ser det som naudsynt å innføre ein noko strengare praksis på å stenge vegar med bom for å hindre større skadar i periodar med høgt skadepotensial, særleg seinhaustes og vår.

Sotvegen

Skjåk kommune kom i gang med bygging av ny Dyringsbru i november 2023, og denne vart ferdig og teke i bruk fyrst i mars 2024. Ny bru er dimensjonert for å takle ein 200 års flaum.

Vinterdrifta i januar, februar, mars og april var særskild krevjande med store utfordringar av alle slag, men særleg graving av kjøvingar og tining av stikkrenner gjorde sitt til at driftsresultatet går med eit underskot på kr 203 136,-.

Årsmøtet i 2024 bestemte at det skulle betalast inn andelar for til saman 2. mill. kr. for å spare opp kapital til å gjennomføre oppgradering av veggen. Dette utgjorde kr 500 000,- for Skjåk Almenning sin del. Dette finansierer berre ein del av den totale opprustinga av veggen som er kostnadsrekna til ca. 5.mill. kr. Årsmøtet i 2025 må ta stilling til om opprusting av heile strekninga skal leggast ut på anbod, eller om ein skal dele det i fleire prosjekt og ta det over fleire år. Skjåk Almenning har hausten 2024 arbeidd med å finne massetak i nærleiken av Sotvegen for å redusere kostnaden med massetransport.



Arbeid med den nye Dyringsbrue vinteren 2024. Foto: Ola Ø. Rossehaug/Fjuken (med løyve).



Naturskade

Allmenninga vart godt skåna for større skader knytt til vør og vind i 2024. Vårløysinga var litt brutal, men førte heller ikkje til større skader grunna godt ettersyn. Skjåk Almenning brukte der i mot vesentlege ressursar på å reinske opp og plastre enkeltpunkt i nedre delar av Søre Kvitinge i 2024. Dessverre fell slike tiltak utanfor offentlege ordningar som naturskadefond og skjønsmidlar frå NVE. Skjåk Almenning spelar denne problematikken inn til politiske instansar.

4. UTMARK

Storvilt

Vinter og vår vart det saman med Skjåk Utmarksråd arbeid med ny 3-årig bestandsplan for elg, hjort og rådyr som gjeld heile Skjåk i perioden 2024-2026.

Elg

Planen tek opp mellom anna utfordringane elgstamma står overfor med negativ utvikling i slaktevekter og produktivitet, samt at ein skal prøve å tilpasse stamma i høve beitegrunnet og gjere forsøk på å dempe konfliktnivået mot skadar på innmark. Som tidlegare ynskjer ein å ha fokus på å behalde dei viktigaste produksjonsdyra for framtida, og difor vidareføre verkemiddel for å spare viktige produksjonsdyr, samt premiering for uttak av små dyr. Jakttida for elg vart redusert frå ordinær jakttid 25/9-15/11 i førre bestandsplanperiode, til å ha ordinær jakttid ut oktober, med moglegheit til forlenging ved behov.

Bestandsplanen 2021-2023 hadde som målsetting å ta ut totalt inntil 300 elg + inntil 90 skrapdyr. Det vart teke ut totalt 330 elg i denne perioden.

I bestandsplanen 2024-2026 blir det lagt opp til eit uttak av 85 elg i gjennomsnitt per år gjennom heile bestandsplanperioden (60 elg i Skjåk Almenning og 15 i Skjåk Utmarksråd), samt inntil 30 skrapdyr i tillegg. Totalt inntil 315 dyr i heile treårs perioden.

Dei aller fleste bestandsindeksar tydar på at elgstamma er redusert frå toppåra 2018-2020, og på tur ned mot målsettinga om å ta ut årleg tilvekst på 45-65 dyr. Ein skal likevel ikkje vere redd for å ta ut fleire dyr, så lenge det er dårlege produksjonsdyr med låge slaktevekter eller eldre oksar med halvdårlege vekter og gevir, som heller ikkje har noko særleg viktig funksjon for å bygge opp ei sunn og produktiv stamme for framtida. Uttak av stadeigne dyr som går mykje på innmark er også vidareført i ny bestandsplan, som tiltak mot beiteskade.


Beitesommaren 2024 var sannsynlegvis middels for storviltet. Det var ein høvesvis lang og kald vinter, våren kom i sisten halvdel av april og mai var svært varm. Dette gjorde nok at det vart mykje beite tilgjengeleg tidleg og mange dyr trekte til fjells tidleg. Resten av sommaren vart høvesvis kald, og det kom betydeleg meir nedbør enn normalt i både juni, juli og august. Det kom ein «liten vinter» til jaktstart 25/9, men denne forsvann att etter ca. ei veke. Resten av hausten var mild, og det kom ikkje noko særleg av verken snø eller frost før i midten av november.

Hjort

Vårteljingane på hjort viser at hjortebestanden kanskje er på tur ned, slik at Skjåk sett under eitt er i nærleiken av å skyte tilveksten. For hjort ynskjer ein å oppretthalde den store avskytinga framover, og kan ta ut inntil 360 hjort kvart år (100 hjort i Skjåk Almenning og 260 hjort i Skjåk Utmarksråd). Meir realistisk er eit uttak på ca. 200 hjort kvart år for heile Skjåk.

Rådyr

Rådyrbestanden i Skjåk var stor i ein periode på 90-talet og fram til ca. år 2000, med eit toppår i 1992 med 75 felte rådyr. På 2000-talet kom det ein markant nedgang, og i 2003 vart det berre felt 2 rådyr i heile Skjåk. Dei siste 10 åra har felte rådyr i Skjåk Almenning vore mellom 15-25 dyr totalt. I 2024 vart det ei større felling av rådyr enn på mange år i Skjåk, med 62 totalt – der 36 av dei vart felt i Skjåk Almenning.



Felte rådyr i Skjåk i perioden 1986 – 2024. Merk at dette er tal for heile Skjåk

Rådyrbestanden er i stor grad regulert av vintertilhøve og predasjon frå særleg rev og gaupe. I tillegg går det mange rådyrkje tapt i slåmaskin under fyrsteslåttén. I den forbindelse vart det etter initiativ og samarbeid med Skjåk Utmarksråd kjøpt inn ei drone med termisk kamera til å lokalisere, og få flytt rådyrkje ut av enga i forkant av slåttén. Til saman vart det redda over 20 rådyrkje sommaren 2024. Den innkjørte drona er også disponibel for å kunne brukast til å lokalisere beitedyr for gardbrukarane.

Utløysing av jakt for ny 3-års periode

Elg og hjortekjakt vart lyst ut for ny 3 – års periode i mai, med anbod på kg slaktevekt som før. Kontrakt og vilkår var berre mindre justert frå førre utlysingsperiode. Innanbygds jaktlag hadde fortrinn ved minstepris på kr 100,- per kg. Alle jaktfelt vart tildelt innanbygds jaktlag også denne perioden.

Jakta 2024 i Skjåk Alménning

Fyrste jaktveka på elg kom det ein del snø som nok gjorde jakta litt ekstra utfordrande for dei som jakta lengst vest, elles var været greitt. For å få med ei ekstra helg å jakte på, vart jakttida på elg utvida til og med søndag 3. november i Skjåk Alménning.

Totalt vart det felt 77 elg i heile Skjåk, mot 107 i 2023. Av desse vart 63 elg felt i Skjåk Alménning, mot 90 elg i 2023.


7 dyr fell inn under kategorien skrapdyr / fallvilt, og det vart felt 1 «innmarkselg» med sterkt redusert pris. Tildelt kvote var 62 dyr, men ikkje alle jaktfelte fylte tildelt kvote, og ein hadde såleis tilleggsdyr å tildele fortløpande for å få opp talet på felte dyr.

Generelt vart det observert lite kalv under jakta, som nok var ein medverkande faktor til at fellingsresultatet vart såpass lågt i år, samt at alle bestandsparametre tydar på at bestanden er monaleg redusert – i tråd med målsetting.

Slaktevektene på kalv og ungdyr held seg stabilt låge, med ein liten auke i 2024. Produktiviteten i elgstamma er derimot rekordlåg, og utviklar seg i feil retning i høve målsettinga.



Jakt i Hondsrøve naturreservat. Foto: Kari Lauten



Felte elg i Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd 2011-2024

Hjort

Det vart felt berre 11 hjort før elgjaktstart 25/9. Totalt vart det skote berre 36 hjort i Skjåk Almenning, men 204 totalt i heile Skjåk. Ei auke frå 181 felte hjort i 2023.


Ein ser at det største potensialet for å auke avskytinga i monaleg i Skjåk Almenning er tidleg på hausten. Brunsten, og tida då dei fleste hjortane bevegar seg ut av Skjåk Almenning kom ekstra tidleg i 2024, og allereie i siste halvdel av september kunne ein høyre dei fyrste bukkane brøla.

Hjorten vart difor tidleg burte i Skjåk Almenning, og fellingsresultatet ber preg av det. Det var ikkje mykje hjort å sjå på innmark i november/desember, og såleis ikkje opna for enkeltkortsal i desember i 2024. I praksis er det fri kvote på tilleggssdyr for hjort (med unntak av vaksen bukk). Ein har ikkje inntrykk av at jegerane held tilbake felling av noko grunn, dei tek som regel ut det dei får tak på. Slaktevekter på kalv og åring held seg stabilt bra for hjorten, med ei lita auke i gjennomsnittsvekter i 2024.

Under vårteljning på innmark i april 2021 vart det rekna heile 711 hjort innanfor Skjåk kommune, tilsvarande tal på våren 2022 var 614, 579 i 2023 og 580 i 2024. Dette kan indikere at ein skyt om lag tilveksten i stamma.

Det er så smått under planlegging eit prosjekt for å merke hjort i Ottadalen, for å få betre oversikt over vandringer og tilhald i dei ulike årstidene, men tidlegaste start for merking er vinteren 2026.





Felt hjort i Skjåk Almanning og Skjåk Utmarksråd 2011-2024

| | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 |
|-------------------|--------------------|--------------------|----------------------------------|------------------------|
| Skjåk Almanning | 70 (87) | 100 (100) | 518 (583) | 50 (44) |
| Skjåk Utmarksråd | 63 (90) | 36 (42) | 400 (439) | 36 (29) |
| Totalt | 90 (103) | 36 (42) | 77 (75) | 72 (66) |
| Stipendium | 7278 (9233) | 1836 (2483) | Ca. 13 500 (15 500) stip. | 540 (210) stip. |

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almanning 2024. Tal frå 2023 i parentes.)

Villrein

I forkant av årsmøtet i villreinutvalet vart det utarbeidd ny bestandsplan for åra 2024-2026. Med denne vart det vedteke ei målsetting om stabilisere stamma på 1700-1800 dyr i Reinheimen, 400-450 dyr i Breheimen søraust og 250-300 dyr i Breheimen sørvest. Med ny bestandsplan vart også kategorien klufibukk innført som korttype til fordel for 50 kg bukk. Årets kvote vart av årsmøtet for Reinheimen-Breheimen villreinutval sett til 1100 dyr, fordelt med 750 løyver i Reinheimen og 350 løyver i Breheimen. Korttildelinga vart elles gjort i samsvar med bestandsplanen og avskytingsprofil. Overgangsavtaler var gjeldande som tidlegare år, men jakt på Lomsgrunn vart ikkje vidareført og Luster freda områda sine for jakt.



For heile området vart det felt 740 dyr som utgjorde avrunda 68 % felling. Til samanlikning vart det felt 891 dyr året før med 69 % felling. I Skjåk Almanning vart det felt 400 av 518 dyr som utgjør 77 % felling.


Vêrmessig opplevde vi heile spekteret gjennom jakta med stor variasjon frå dag til dag. Enkelte dagar vart varmen nær sagt ei utfordring. Andre dagar vart tjukk skodde og dårleg sikt eit problem. Den 9.september vart det blant anna målt over 40 mm nedbør på eit døgn i Skjåk. Vindretning frå sør og vest prega mykje av jakta som sette sitt preg på områdebruken til reinen. For Breheimen sørvest medførte dette at dyra heldt seg mykje i mindre tilgjengelege område i Raudalen og indre delar av Mårådalen.

For Reinheimen medførte dette at flokkane heldt seg mykje sør for Lordalen store delar av jakta. Det var relativt lite observasjonar av vaksen bukk på sørvest både i og etter jakta. Ein teori kan vere at ein del av dei har trekt over til Reinheimen. I løpet av jakta vart det ved fleire høve observert ein flokk på ikring 70 dyr (fostringsdyr) på det gamle nordvestområdet, altså nord for rv.15. Slik sett vart det ein langt mindre del av stammen å jakte på. Denne problemstillinga er noko almenninga må ta stilling til dersom tendensen held fram.

Oppsynskorpset observerte for stor grad av bom- eller skadeskyting gjennom jakta. For dårlege skyteferdigheter, dårlege fellingssituasjonar og stress ser ut til å vere gjengangaren som fører til dette. Til trass for dette var det mindre grad av graverande forhold som ført til politimelding. 2 forhold vart meldt til politiet mot 8 året før.

Skrantesjuka (CWD), ein smittsam og dødeleg sjukdom, vart påvist fyrste gong på ei villreinsimle i Nordfjella sone 1 seinvinteren 2016. Frå og med jakthausten 2018 har det vore gjennomført innsamling frå alle villreinområde i Norge. Sidan den gong har det vore samla inn prøver frå om lag 3000 felte vaksne dyr i vårt område. I 2024 vart det sendt inn minimum 408 prøver frå Reinheimen Breheimen. Alle har so langt vore negative, altså ingen påvist tilfelle av CWD. I løpet av jakta vart det påvist eit tilfelle av fotråte i Reinheimen. Det vart innsendt 12 kjøtpøver av vaksne simler for å måle becquerel. Villreinutvalet sende også inn fleire vevsprøver frå jakta. Dette etter oppfordring frå NINA som nyttar dei til å drive genetikkanalyser i samband med kvalitetsnormen. Tap av genetisk variasjon er eit måleparameter.

Villreinutvalet har elles ei formeining om at bestandsstatusen for Reinheimen-Breheimen er god med tanke på kondisjon, struktur og kjønssamansetting.




Oversikt over felt villrein i høve kvote i Skjåk Almanning

Fiske

I 2024 var mai varm, og gjorde at både snø og is forsvann i rekordtempo i Skjåk. Dette stagnerte noko fyrst i juni, men det gode været heldt fram i den andre halvdel. Leirungsvatnet vart isfritt og Aursjøfjellet godt farbart før 20.juni. Til og med Torsvatnet var delvis isfritt før vi bikka juli. Fleire veker tidlegare enn enkelte andre år.

Administrasjonen legg ned ein del ressursar gjennom året for å vere i dialog med fiskarar. Dette er særskilt viktig på mange måtar. Spesielt for å få oppdatert informasjon om situasjonen i ulike vatn og vassdrag i tillegg til å drive marknadsføring og omdømebygging. Fiske er eit tradisjonelt satsingsområde i Skjåk Almanning og ein viktig ressurs. Administrasjonen byrja i 2024 arbeidet med å revidere brosjyren «På

fisketur i Skjåk» som blir ferdigstilt i 2025. Målretta marknadsføring for fiske er ein god måte å syne fram almenninga på, samt ei moglegheit til å generere ferdsel dit ein ynskjer. Ein tidleg sesong resulterte i ein oppsving i fiskekortsalet. 1482 kort vart seld til utanbygdes mot 1232 i 2023(+ 250 kort). 284 kort vart seld til innanbygds mot 278 året før.



Sal av fiskekort 2008 – 2024.




Eit av bileta som kom inn i fotokonkurransa «fiske» i 2024. Flugefiske i Lundadalen juni 2024. Foto: Henning Lund

Frå sesongen kom det inn rapportar om uttak av 340 fiskar i Leirungsvatnet der 48 % er rapportert som eigenrekruttert fisk. Kondisjonen er framleis svært godt. Det har ikkje vore sett ut fisk i vatnet sidan 2022. Rapportar frå Grønvatnet og Torsvatnet viser til veldig god gjennomsnittleg kondisjon på fisken, noko som kan forklarast med ein lengre vekstsesong enn normalt. Rapportar og attendemeldingar frå Aursjoen viser som dei siste åra at den gjennomsnittlege kondisjonen er dårleg og at bestanden er tett. Skjåk Almanning har elles fokus på å skjøtte mindre vatn og tjern der bestandsforholda framleis er gode. Almanninga bidreg elles med småbanda garn til dei som ynskjer det og skjøttar utlånsbåtane som almenninga har.

I alt vart det sett ut 900 fiskeyngel i 2024. 300 stk. to-årig fisk vart sett ut om vinteren i Dørtjønne, Spongvatnet og Flatvatnet. Ikring 600 stk. to-somrige settefiskar vart bore ut av Skjåk Almanning og friviljuge i ulike vatn og tjern i løpet av august. Sidan 2021 har all settefisken vorte feittfinneklypt både sommar og vinter for å få betre oversikt over eigenrekruttering i ulike vatn. Før det vart berre den vintersette klypt.



Sjølv midt på sommaren kan vinteren koma innom i høggfjellet. Her frå garnfiske på Grønvatnet 2. juli 2024.
Foto: Rune Brudevoll.




(Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2010-2024.)

Småvilt

Den lokale takseringsgruppa gjennomførte linjetaksering i fyrste halvdel av august. Resultatet viste ein kyllingproduksjon på 0,93 pr. par og 1,7 fuglar pr. km. I jaktssamanheng skal ein ha eit haustbart overskot av arten før ein opnar for jakt. Låg reproduksjon gjev høgare risiko for at jakt vil redusere delen av stamdyr. For rypebestanden sin del, er kyllingproduksjon ein viktig indikator for å definere det haustbare overskotet. Produksjon under 2,5 kyllingar pr. par blir gjerne definert som raud (ikkje haustbart overskot). Ein del område i Sør-Noreg hadde gledeleg nok bestandsoppsving i 2024, men for Skjåk Almanning sin del var dessverre ikkje situasjonen slik. I den mest sårbare perioden fyrst på sommaren hadde vi to perioder med snø ned i skoggrensa. Dette vart utan tvil utslagsgjevande for klekkinga. Rypa vart derfor freda for jakt også i 2024. Jakt på anna småvilt og fuglehundtrening vart tilbydd som ordinært. Det var gjennomført 3 fuglehundprøver/treningssamlingar i almenninga i løpet av året.

Utvikling rypetaksering 2014-2024



Utvikling i rypebestanden etter taksering i perioden 2014-2024.

Småroviltjakt er kvart år i fokus og kampanjen for jakt og fangst på smårovilt vart gjennomført også i 2024. Det vart sett av ein premieringspott på kr. 10.000. Den som fangar eller skyt raudrev blir også prioritert fyrst i tildeling av rådyrkort i Skjåk Almanning, samt at eit jaktkort på rådyr blir trekt mellom deltakarane.

For jaktåret 2023/24, vart det betalt ut skotpremie for 78 raudrevar, mot 46 året før. Skotpremien på kr. 500 pr. rev blir utbetalt av Skjåk Almanning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag. I tillegg vart det rapportert om felling og fangst av 23 mårar der det blir utbetalt 300 kr. i skotpremie per mår.

Opplæring og rekrutteringstiltak

Skjåk Almanning har ein intensjon om å vera delaktig og drivande for tiltak som fremjar rekruttering til friluftsliv, jakt, fiske og det som fell innunder almenninga si verksemd elles. Tiltaka varierer frå år til år, med nokre faste. Almanninga var som før med og finansierte jegerprøvekurset i 2024 der 3 kandidatar frå Skjåk deltok. Dette bidraget er med på å gjere kurset gratis (med unntak av avgift for skyting) for deltakarar under 20 år. Kurset blir organisert felles mellom Lom og Skjåk jfl. Skjåk Almanning var også bidragsytar i form av midlar til transport, mannskap og utstyr til Camp Ut på Pollmodden. Dette er eit aktivitetstilbod for born og unge i regi av Fjelleventyret. Skjåk Almanning var også med Skjåk Barne og Ungdomsskule på prøvefisking på Grotlivatnet i august og opplæring i revejakt med valfaget friluftsliv.

«Friluftsskulen» - frå skog til bord vart organisert også i 2024 i samarbeid med DNT Gudbrandsdalen som hadde hovudregien. Kort summert omhandlar dette opplegget jakt på elg, hjort og rådyr i praksis for ungdom (5.-10. klasse). Almanninga bidrog med ein teoretisk opplæringssekvens og det praktiske med



sjølve jaktutøvinga. Opplegget vart veldig vellykka med nærkontakt, felling av vilt og bearbeiding av det som matressurs. Ungdommane nytta Aursjohytta som base 2 netter.

Jaktkurset på villrein vart gjennomført i samarbeid med NJFF i månedsskiftet august/september. 7 deltakarar var med på kurset som vart vellykka også dette året. Vi opplev at dette kurset gjev almenninga mykje positiv merksemd og synlegheit. I tillegg til at det er eit fint tiltak for samarbeid mellom almenninga, NJFF, SNO og Sota Sæter som bidreg med opplæring og overnatting.

Hyttefelt og tomtefeste

Det er ikkje bygsla burt nokon hyttetomt i 2024. Hyttemarknaden har generelt vore dårleg på landsbasis pga. auka rente og usikre finanstider, samstundes som det har vore nedprioritert å arbeide med marknadsføring av hyttetomter. Litt interesse har det likevel vore. Skjåk Almenning har festa bort noko areal i 2024 til næring og private verksemdar. Bortfeste av næringsareal er noko Skjåk Almenning truleg må ta stilling til i auka grad i åra som kjem.

Oppfylgjing av festeforhold krev ein del ressursar, og særleg der tilhøve ikkje er i tråd med føringa i kontraktar og reguleringsplanar. I tillegg er det tidlegare inngått avtalar som medfører forholdsvis store årlege kostnader på mellom anna brøyting og drift i tilknytning til enkelte hyttefelt.

I 2024 fekk vi ein kostnad på kartlegging over rasfare og flaumfare ved Liavatnet på kr 181 250,-. Dette var naudsynt for å få byggeløyve for både nye og eksisterande hytter.

Utleiehytter


I 2024 har det vore ein god oppgang med heile 29 utleigedøgn fordelt på dei 17 utleiehyttene. Dette er på same nivå som i perioden frå 2016 til 2019, med godt over 700 utleigedøgn i året.

Det er god grunn for å sjå det auka salet av fiskekort i samanheng med auka utleigedøgn av hytter. Det var tidleg snø- og isfritt grunna ein varm mai, og til tross for ein god del ruskever vidare utover sommaren, så har interessa for fjellturar og fisketurar vore høg.

Det har i 2024 vore ein jamn auke både i utleie av høg fjellshyttene og dei meir vegnære. Ein ser at det er både lokale, norske og utanlandske turistar som leiger hytter.

Under villreinjakta sto Storehøbue, Glitterbue og Raudalsbu opne. Sottjønnbu og Sveibue var opne for utleie til villreinjegerar med eigne reglar og fortrinn. Aursjohytta, Sauhytta og Grønstorrbue var berre opne for oppsyn og beitetilsyn. Dei resterande hyttene var tilgjengeleg for ordinær leige på Inatur.


Skjåk Almenning har i 2024 gjort vedtak om at utleiehytter i høg fjellet kan stengast vinterstid i tidsrommet 1. november til 15. juni av omsyn til villreinen. Det har uansett ikkje vore noko stor trafikk på hyttene om vinteren, men noko aukande besøk frå mars og utover gjer at vi ynskjer å gjere grep for ikkje å legge til rette for auka ferdsel i sårbare leve- og trekkområder for reinen. I tillegg til omsynet til villreinen, er det stor slitasje og eit stort forbruk av ved, som heller ikkje forsvarar å halde hyttene opne i den mørkaste og kaldaste tida på året.



Utvikling utleigedøgn hytter/buer 2012-2024.

Ny Glitterbue

Arbeidet med å få opp ny hytte på Glittervatnet kom godt i gang i 2024. Hytta vart delvis «prefabrikkert» på Felodden vinter/vår 2024, deretter demontert og floge opp i element med helikopter i august. Hytta vart så sett saman, og taket vart ferdig i september - hytta vart gjort klar for vinteren og vidare arbeid innvendig. Det er realistisk å få hytta klar for bruk sommarsesongen 2025.



Ny Glitterbu under oppføring hausten 2024.


5. ØKONOMI

Rekneskap

Det samla driftsresultatet i 2024 kom på kr 4 160 888. Årsresultat etter finans og skatt kom på kr 7 746 861. Det er jamn, stabil drift i almenninga, og dei gode driftsresultata er eit resultat av målretta arbeid over mange år. Det er framleis utmarksavdelinga som gjev det største positive bidraget, men gode prisar på tømmer gjer også sitt til at skogavdelinga gjev eit godt bidrag. Omsetninga av tømmer gjennom Glommen Mjøsen Skog SA gjev også eit betydeleg tilleggsbidrag, der etterbetaling av tømmer levert i 2023, men utbetalt i 2024 kom på 65 kr / m³ inneverande rekneskapsår. Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt, kvantumsrabatt og andre tilskot til dei eigedoms- og bruksberettiga i Skjåk Almanning dei siste 10 åra. Det vart også i 2024 sett ny rekord i ytingar frå Skjåk Almanning til landbruksnæringa i Skjåk, med litt i underkant av 3,5 MNOK – i tråd med styret sine målsettingar.

Allmenningsstyret meiner at framlagt årsrekneskap for 2024, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvissande bilete av årsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almanning ved utgangen av året.

Styret stadfestar at rekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.



Utvikling i bruksrettsytingar og antal bruk med røyserett i Skjåk Almanning 2014-2024.

Industrielt eigarskap

I 2024 hadde Skjåk Almanning med dotterbedrifter ei omsetning på kr 62,4 MNOK, og 23 årsverk.

Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

Resultatet er påverka av eit år med redusert sal som fylgje av mindre aktivitet i trelast og byggemarknaden generelt, samt ei vesentleg prisauke på råvarer og andre innsatsfaktorar.

Totalt enda årsumsetnaden i 2024 på 17,3 MNOK, og årsresultatet viser eit underskot på kr 4 091 503.

Selskapet har hatt utfordringar med å få auka salsprisane tilstrekkeleg for å kunne kompensere dei auka innkjøpsprisane på tømmer – mest pga. redusert etterspørsel og stor konkurranse om leveransane til prosjekt.

Den vedvarande prisveksten på råvarer og innkjøp medfører ein stor auke i varekostnad, spesielt med tanke på behovet for massevirke / slip - i mangel på biprodukt frå saglina. Innkjøpskostnad på sagtømmer er tilsvarande som tidlegare år, men med ei stor reduksjon i innkjøpsvolum.

Redusert volum av sagtømmer har igjen gjort at varelageret er mindre per 31.12.2024, og dette påverkar forskjellige varegrupper i ulik grad.

Verksemda har frå hausten 2024 arbeidd aktivt med den økonomiske situasjonen, og teke grep i form av redusert bemanning/ permittering av tilsette, samt sett på andre verkemiddel for å gjenopprette lønsemda framover.

Omsetninga til Bygger'n Skjåk AS var i 2024 på 19,3 MNOK, medan årsresultatet kom på kr 255 498,-.


Skjåk Biovarme AS

Varmesalet i 2024 var 3,3 GWh, mot 3,8 GWh i 2023. Nedgangen har naturlegvis samanheng med temperatur og at 2024 vart eit mildare år.

Skjåk Biovarme AS brukte 7475 m³ med fyringsflis frå Skjåk Trelast AS i 2024. Bedrifta hadde ei omsetning på 2,7 MNOK i 2024 og fekk eit årsresultat på kr. 481 671.

Drifta ved bioanlegget var elles jamn i heile 2024 utan store tekniske eller maskinelle utfordringar.

Prosjektet med den siste utvidinga og investeringa på fyrhuset vart slutført hjå Inovasjon Norge og tilskot utbetalt.



Mårae Kraftverk AS

Etter planen skulle kraftverket stått ferdig i 2023, men vart fyrst sett i drift 30. mai 2024. Drifta har gått nokolunde som forventa, og innkøyring av anlegget gjekk greitt.

Anlegget produserte i 2024 1,73 GWh. Straumprisen har vore vesentleg lågare enn kalkulert og gjennomsnittsprisen for produksjonen i 2024 var 18,45 øre/kWh. Det vart seld straum for kr 315 439,-.

Årsresultatet enda med eit underskot på kr 1 580 852,-.

Det positive er at ein har kunne køyrd kraftverket lenger utover vinteren pga. at det har vore ein mild og blaut vinter med større vassføring enn normalt.

Det står framleis att noko mindre arbeid utandørs som vil bli fullført i 2025.

Gudbrandsdalen Massivtre AS

2023 var eit svært krevjande år for dette selskapet, og dessverre vart det ikkje betre i 2024.

Trelastmarknad og etterspurnad etter produkta generelt, i tillegg til auka rentekostnader gjorde at selskapet melde oppbod 3. desember 2024 etter 6 års drift. Selskapet har kravd mykje oppfylging av både styrar og økonomileiar gjennom heile året fram til oppbod.

6. ANDRE OPPLYSNINGAR

Arbeidsmiljø

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2024 var sjukefråværet på 0,55 % (0,49) av mogleg arbeidstid. Skjåk Almenning er medlem i Falck Helse.

Per 31.12.2024 er tre av 6 tilsette kvinner. I allmeningsstyret er 1 av 7 medlemmar kvinner.

Personalpolitikken vert rekna som kjønnsnøytral på alle område. Det er ikkje etablert ansvarsforsikring for styrets medlemmar eller dagleg leiar.

Ytre miljø

Skjåk Almenning er medlem av Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og Mjøsen Skogs PEFC gruppe-ordning, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard. Nøkkeliotopane blir overvaka av almenninga sjølv, samt at det blir gjennomført stikkprøvebaserte kontrollar i regi av sertifikathaldar. Det ikkje avdekka skader eller andre utilsikta forstyringar i verneområde eller nøkkeliotopar i 2024. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år.



Verksemda fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

Utvikling av administrasjonsbygg

Ved utgangen av året 2024 hadde allmenninga 1 ledig kontor for utleige, og totalt er det 14 personar som tek del i kontorfellesskapet på administrasjonsbygget.

Uttak av naturstein i Kvittingslia

Skjåk Almenning jobbar vidare med å få regulert område til uttak av stein i Kvittingslia. Norconsult jobbar vidare med å få sluttført reguleringsplanen. Ved utgangen av 2024 nærmar det seg eit ferdigstilt planforslag for andre gongs offentlig høyring. Målet med uttaksområdet er å sikre Skjåksamfunnet godkjent tilgang til murstein og biprodukt som vil bli nytta som knust masse i ulike fraksjonar.

Bruk av fond

I 2024 vart avkastning av fond brukt til skogkultur og tilskot til Skjåk Turløyper for sesongen 2024/2025 (sjå eigen tabell i notane).

Utleige av arbeidskraft

Skjåk Almenning har i 2024 leigd ut arbeidskraft til Reinheimen-Breheimen villreinutval, Statens naturoppsyn, Skjåk Trelast AS, Byggern'n Skjåk AS, Skjåk Biovarme AS, Gudbrandsdalen Massivtre AS, Måråe Kraftverk AS, Sameiget Sotvegen og andre med til saman 1 614 timar, dvs. nesten eit årsverk. Året før var dette i 603 timar.

7. UTSIKTENE FRAMOVER

Styret meiner at Skjåk Almenning har ein solid eigenkapital og ei fornuftig drift, og bør såleis vera godt økonomisk rusta for å møte utfordringar framover. Sjølv om Skjåk Almenning isolert sett er ei solid verksemd, har fleire av dei tilknytte selskapa hatt store utfordringar i 2024, og ein ser at satsinga på desse ikkje er risikofri.

Det er framleis svært stor uro i det geopolitiske biletet på verdsbasis, framleis med krig i Ukraina og eit regjeringsskifte i USA som skapar både frykt og usikkerheit som er større nå enn på mange tiår. Vidare har det nasjonalt vore halde ei styringsrente på 4,5 % gjennom heile 2024 for å halde prisvekst og inflasjon nede. For trelastbransjen har dette, saman med høge tømmerprisar hatt store negative økonomiske konsekvensar, og ein ser at fleire bedrifter i bygg og anleggsbransjen slit økonomisk, og ein del har også gått konkurs i 2024.

Eigenkapital, lån og innsats i Gudbrandsdal Massivtre AS er tapt etter oppbødet, i tillegg vil Måråe Kraftverk AS høgst sannsynleg krevje meir kapital og oppfølging også framover. Lønsemda i prosjektet er framleis høgst usikker. Den aller største aktuelle utfordringa framover, vil likevel vere Skjåk Trelast AS dersom situasjonen med negative driftsresultat og manglande likviditet held fram.

Dette syner igjen at det er viktig at Skjåk Almenning har ein solid eigenkapital. Dette for å kunne tåla utfordringar som almenninga sjølv kan koma opp i, eller slike utfordringar som fleire av dotterselskapa står i. Det blir viktig å følgje tett opp om tilknytte selskap, samt vera ein aktiv bidragsytar for å utvikle desse vidare. Skjåk Almenning bør vere proaktive når det gjeld næringsutvikling for å ha fleire føt å stå på. På same tid er det viktig å gjere grundige vurderingar før ein går inn i nye prosjekt eller selskap då ein ser at det krev ressursar både i form av arbeidsinnsats og økonomi.

I høve drifta til Skjåk Almenning er ein sårbar med tanke på at hovudkjelda til inntekter er utmarksressursar i form av hjortevilt og skog. Med eit varmare klima, samt auka ferdsel mellom landegrensar kjem også utfordringar knytt til mellom anna parasittar og sjukdom som ikkje hjorteviltet evnar å motsette seg like raskt som endringane kjem. For skogen sin del er ein også utsett med tanke på klimaendringar som mellom anna kan skape billeangrep, skogbrannar eller vatn/jord på avvege – men klimaendringar kan også slå positivt ut i auka tilvekst i eit område der vatn og varme tidlegare har vore avgrensande faktor. Noko tilsvarande er det også



for landbruket, der klimaendringar kan slå litt begge vegar i høve positive og negative konsekvensar. Det kan gje oss lengre vekstsesong, men også utfordringar med sjukdom og parasittar som vi ikkje har måtte forhalda oss til før – men som vi allereie nå ser lenger sør, og i lågareliggjande strøk av landet.

Arealbruk og forvaltning er stadig eit attendevendande tema i verksemda til almenninga der ein må gjere vurderingar av menneskelege inngrep eller påverknad i sårbare område. Dette har med tida fått eit auka fokus også nasjonalt som får verknader lokalt. Dette inneber at ein svært ofte står over for avvegingar med naturomsyn på den eine sida og næringsutvikling/bruk på den andre. Gode kunnskapsgrunnlag, valide og oppdaterte data blir derfor svært viktig for almenninga i desse prosessane framover. Overfor lokalt næringsliv blir det viktig med gode dialogar og gjensidig forståing for vern og bruk. I løpet av 2024 var almenninga derfor deltakande på fleire lokale samlingar og møte der dette var tema.

I høve dei bruks- og eigedomsberettiga i Skjåk Almanning, er målsetjinga i strategiplanen at ytingane skal treffe godt for å støtte det aktive landbruket på ein god måte. Det er eit uttrykt ynskje å vera ein bidragsytar til landbruket i Skjåk, da denne næringa slit med auka kostnader, større arbeidspress og krav, samt liten utvikling på inntektssida.

Ein ser ein nedgang i talet på bruk som har søkt om støtte til driftsbygning, og ein er bekymra for at færre vel å investere i landbruket. Det er framleis mange som må investere dersom ein skal imøtekoma krava til lausdrift i 2034. At det er fleire som også trappar ned eller sluttar heilt med sau pga. store rovdyrtpar er også ei bekymring som ein lyt ta på alvor.

Styret vil rette ein stor takk til dei tilsette, eigarar- og bruksberettiga, tillitsvalde og samarbeidspartnarar gjennom året som har gått.

Skjåk, 31. desember 2024

02. april 2025

I styret for Skjåk Almanning



Kjell Egil Ramstad
(Styreleiar)


Ola Steinbakke



Bjørnar K. Stenersen


Kjell Aaboen
(Nestleiar)


Ragnhild Løkken


Arnstein Fjerdingsren


Vidar Vange


Kristen Haugen Dagsgard
(Allmenningsstyrar)



Shape the future
with confidence

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Storgata 15, 2670 Otta
Postboks 78, 2675 Otta

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00

www.ey.no
Medlemmer av Den norske Revisorforening

Til årsmøte i Skjåk Almenning

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Skjåk Almenning som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjon

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og *International Code of Ethics for Professional Accountants* (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvike selskapet eller virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.



Shape the future
with confidence

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar, på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunktet for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Otta, 7. april 2025
ERNST & YOUNG AS

Revisjonsberetningen er signert elektronisk

Rune J. Baukhol
statsautorisert revisor

Uavhengig revisors beretning - Skjåk Almenning 2024

A member firm of Ernst & Young Global Limited

Penneo Dokumentnøkkel: HW96C-WZUMF-9ACP5-EDNW6-DFBJN-MXEQ8



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Baukhol, Rune Johannes

Statsautorisert revisor

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-1261839

IP: 147.161.xxx.xxx

2025-04-07 10:14:58 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: HW96C-WZUMF-9ACP5-EDNW6-DFB3N-MXEQ8

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglest med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tilstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



RESULTATREGNSKAP

SKJÅK ALMENNING

| DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2024 | 2023 |
|--|------|-------------------|-------------------|
| Salgsinntekt | 1 | 20 806 933 | 19 117 207 |
| Annen driftsinntekt | | 615 614 | 506 612 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 1 698 323 | 1 324 229 |
| Sum driftsinntekter | | 23 120 870 | 20 948 049 |
| Varekostnad | 1 | 5 416 329 | 5 269 243 |
| Lønnskostnad | 1, 3 | 5 120 838 | 4 487 814 |
| Avskrivninger | 1, 4 | 830 800 | 878 868 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 1 186 800 | 975 400 |
| Annen driftskostnad | 1 | 6 405 215 | 5 048 287 |
| Sum driftskostnader | | 18 959 983 | 16 659 612 |
| Driftsresultat | | 4 160 888 | 4 288 437 |
| FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER | | | |
| Renteinntekt fra foretak i samme konsern | 5 | 170 822 | 144 534 |
| Annen renteinntekt | | 2 104 490 | 1 631 290 |
| Annen finansinntekt | | 2 219 868 | 501 768 |
| Annen finanskostnad | 9 | 174 834 | 3 820 615 |
| Resultat av finansposter | | 4 320 346 | -1 543 023 |
| Resultat før skattekostnad | | 8 481 234 | 2 745 413 |
| Skattekostnad på resultat | | 734 373 | 623 834 |
| Resultat | | 7 746 861 | 2 121 579 |
| Årsresultat | | 7 746 861 | 2 121 579 |
| OVERFØRINGER | | | |
| Bruksrettrabatter | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Kvantumsrabatter | | 665 863 | 598 527 |
| Andre ytinger | | 534 759 | 901 377 |
| Avsatt til kontantutbytte | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Sum ytinger | | 3 464 132 | 3 460 444 |
| Avsatt til fond | 7 | 539 546 | 449 087 |
| Avsatt til annen egenkapital | 8 | 3 743 183 | 0 |
| Overført fra annen egenkapital | 8 | 0 | 1 787 952 |
| Sum overføringer | | 7 746 861 | 2 121 579 |

SKJÅK ALMENNING

SIDE 1



BALANSE

SKJÅK ALMENNING

| EIENDELER | Note | 2024 | 2023 |
|--------------------------------------|------|-------------------|-------------------|
| ANLEGGSMIDLER | | | |
| VARIGE DRIFTSMIDLER | | | |
| Innkjøpt grunn | | 560 892 | 309 530 |
| Bygninger | 4 | 6 440 068 | 6 387 982 |
| Opparbeidingskostnader hyttefelt | | 1 889 309 | 1 662 352 |
| Maskiner og anlegg | 4 | 323 601 | 616 901 |
| Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr | 4 | 22 001 | 28 900 |
| Sum varige driftsmidler | | 9 235 870 | 9 005 665 |
| FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER | | | |
| Investeringer i datterselskap | 5, 9 | 10 303 160 | 10 303 160 |
| Lån til foretak i samme konsern | 5 | 7 101 500 | 7 861 500 |
| Investeringer i aksjer og andeler | 9 | 5 170 500 | 10 341 074 |
| Sum finansielle anleggsmidler | | 22 575 160 | 28 505 734 |
| Sum anleggsmidler | | 31 811 030 | 37 511 399 |
| OMLØPSMIDLER | | | |
| FORDRINGER | | | |
| Kundefordringer | | 1 383 423 | 1 233 557 |
| Andre kortsiktige fordringer | | 967 170 | 764 730 |
| Sum fordringer | | 2 350 593 | 1 998 287 |
| INVESTERINGER | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 54 658 394 | 45 454 490 |
| Sum omløpsmidler | | 57 008 987 | 47 452 776 |
| Sum eiendeler | | 88 820 017 | 84 964 175 |

SKJÅK ALMENNING

SIDE 2



BALANSE


SKJÅK ALMENNING

| EGENKAPITAL OG GJELD | Note | 2024 | 2023 |
|---------------------------------|------|-------------------|-------------------|
| EGENKAPITAL | | | |
| INNSKUTT EGENKAPITAL | | | |
| Annen innskutt egenkapital | 10 | 233 600 | 233 600 |
| Sum innskutt egenkapital | | 233 600 | 233 600 |
| OPPTJENT EGENKAPITAL | | | |
| Bundne fond | 7 | 10 207 112 | 10 173 136 |
| Verneområdeerstatning | 7 | 18 408 689 | 18 363 091 |
| Annen egenkapital | 7, 8 | 56 244 145 | 52 040 961 |
| Sum opptjent egenkapital | | 84 859 946 | 80 577 189 |
| Sum egenkapital | | 85 093 546 | 80 810 789 |
| GJELD | | | |
| KORTSIKTIG GJELD | | | |
| Leverandørgjeld | 5 | 520 683 | 591 645 |
| Betalbar skatt | | 734 373 | 623 834 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 309 794 | 398 505 |
| Utbytte | 6 | 1 131 755 | 980 270 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 1 029 866 | 1 559 133 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 3 726 471 | 4 153 387 |
| Sum gjeld | | 3 726 471 | 4 153 387 |
| Sum egenkapital og gjeld | | 88 820 017 | 84 964 175 |


Skjåk, 02.04.2025
Styret i Skjåk Almenning


Kjell Egil Ramstad
styreleder


Ragnhild Løkken
styremedlem



Kjell Aaboen
nestleder


Vidar Vange
styremedlem


Arnstein Fjerdingsren
styremedlem


Bjørnar Knutsødegård Stenersen
styremedlem


Kristen Haugen Dagsgård
daglig leder


Ola Steinbakke
styremedlem

SKJÅK ALMENNING

SIDE 3



Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er sett opp i samsvar med god rekneskapskikk for små foretak. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsført etter kvart som dei blir levert.

Varige driftsmidler med levetid over 3 år og kostpris som overstig kr 30.000 blir avskrive lineært over forventa økonomisk levetid. Direkte vedlikehald av driftsmidler blir kostnadsført løpande under andre driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler blir ført under driftsinntekter og driftskostnader. Opparbeidningskostnader hyttefelt er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og virkeleg verdi. Kundefordringer og andre fordringer er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringene. Almendinga har beregna skogavgift på avvirkning etter gjeldande reglar. Det vises til eigen note vedr. skogavgift.

Almendinga sin skattekostnad består av betalbar inntekts- og formuesskatt. Almendinga er skattepliktig for delar av si inntekt og formue. Almendinga har ikke forskjeller mellom skattemessige og regnskapsmessige verdier som medfører utsatt skatt. I den grad almenninga har nedskreve finansielle midler rekneskapsmessig, er den skattefordelen som måtte ligge i dette, ikke aktivert.

Note 1 - Avdelingsvise driftsresultater

| Avdeling | 2024 | 2023 |
|-----------------|------------|-------------|
| Skogen | 1 019 616 | 638 020 |
| Utmark | 7 309 103 | 7 580 409 |
| Bruksrett | -8 339 | 3 703 |
| Eigedom/utleige | 57 623 | - 123 362 |
| Felleskostnader | -4 217 115 | - 3 810 333 |

Note 2 - Skogavgiftskonto

| | 2024 | 2023 |
|---|-----------|-----------|
| <u>Tilførte skogavgiftsmidler:</u> | | |
| Tilført frå avvirkning dette året | 1 186 800 | 975 400 |
| Statstilskot skogkultur | 511 551 | 348 855 |
| Sum tilført | 1 698 351 | 1 324 255 |
| <u>Forbruk av skogavgiftsmidler:</u> | | |
| Skogkultur | 960 104 | 831 666 |
| Vegar og bygningar | 720 739 | 476 035 |
| Skogbruksplan | 17 480 | 16 528 |
| Sum forbruk | 1 698 323 | 1 324 229 |
| Skogavgiftskonto pr 1.1. | -73 | -99 |
| Endring i året | 28 | 26 |
| Skogavgiftskonto pr 31.12. | -45 | -73 |



Note 3 Lønnskostnader og antal årsverk

| | 2024 | 2023 |
|--------------------|------------------|------------------|
| Lønninger | 4 403 660 | 3 807 369 |
| Arbeidsgiveravgift | 315 926 | 260 234 |
| Pensjonskostnader | 280 805 | 217 789 |
| Andre ytelser | 120 448 | 202 422 |
| Sum | 5 120 838 | 4 487 814 |

Selskapet har i 2024 sysselsett 6 årsverk.

Note 4 Varige driftsmidler

| | <i>Bygninger</i> | <i>Maskiner/ driftsløsøre</i> | <i>Sum</i> |
|-----------------------------|------------------|-----------------------------------|------------------|
| Anskaffelseskost 1.1. | 23 988 854 | 5 976 268 | 29 965 122 |
| Tilgang | 582 686 | | 582 686 |
| Anskaffelseskost 31.12. | 24 571 540 | 5 976 268 | 30 547 808 |
| Avskrivninger 1.1. | 17 600 872 | 5 330 468 | 22 931 340 |
| Årets avskrivning | 530 600 | 300 200 | 830 800 |
| Avskrivninger 31.12. | 18 131 472 | 5 630 668 | 23 762 140 |
| Bokført verdi 31.12. | 6 440 068 | 345 600 | 6 785 668 |
| Avskrivningssats | 4-8% | 10-33% | |

Note 5 - Konsernforhold

1. Konsernstruktur

Selskapet har pr 31.12.2024 følgende eigarandelar i dotterselskap:

| <u>Selskapsnavn</u> | <u>Antal aksjer</u> | <u>Eigarandel</u> | <u>Resultat 2024</u> | <u>Eigenkapital 31.12.24</u> |
|---------------------|---------------------|-------------------|----------------------|------------------------------|
| Skjåk Trelast AS | 3 740 | 100% | - 4 091 503 | 6 142 288 |
| Skjåk Biovarme AS | 1 200 | 60% | 481 671 | 4 133 117 |

Konsernet sett samla fell under definisjonen av små foretak etter Regnskapslovens §1-6. Det er difor ikkje utarbeidd særskilt konsernrekneskap.

Skjåk Trelast AS eig 70% av aksjane i Bygger'n Skjåk AS. Årsresultatet i Bygger'n Skjåk AS for 2024 vart kr 453 198 og eigenkapitalen pr 31.12. er kr 7 471 052.

2. Transaksjoner med konsernselskap

| | <i>Skjåk Trelast AS 2024</i> | <i>Skjåk Trelast AS 2023</i> | <i>Skjåk Biovarme AS 2024</i> | <i>Skjåk Biovarme AS 2023</i> |
|------------------------------------|----------------------------------|----------------------------------|-----------------------------------|-----------------------------------|
| Sal av tømmer og slip til datter | 1 005 189 | 1 258 373 | | |
| Husleieinntekter fra dotterselskap | 309 600 | 256 800 | | |
| Kjøp av trelast fra dotterselskap | 4 012 406 | 3 651 077 | | |
| Sal av tenester til dotterselskap | 60 621 | 71 821 | 126 750 | 107 525 |



| | Skjåk Trelast AS 2024 | Skjåk Trelast AS 2023 | Skjåk Biovarme AS 2024 | Skjåk Biovarme AS 2023 |
|---------------------------------|--------------------------|--------------------------|---------------------------|---------------------------|
| Mellomværande 31.12. | | | | |
| Ansvarleg lån til datterselskap | 5 601 500 | 6 061 500 | | |
| Fordring på datterselskap | 140 233 | 143 417 | 30 563 | 29 375 |
| Gjeld til datterselskap | 307 826 | 259 407 | 114 | 122 |

Lån til datterselskap

Det er gjeve eit ansvarleg lån til datterselskapet Skjåk Trelast AS, bokført til kr 5.601.500. Renter er beregnet til kr 133.182 i 2024.

Kausjonistansvar

Det er gjeve kausjonistansvar til Måråe Kraftverk AS på kr 4 500 000.

Note 6 - Kontantutbytte til eigarane

Etter avtale mellom Skjåk Bygdealmening v/almenningsstyret på den eine sida og Skjåk Bygdealmening v/eierlaget på den andre sida tilkjem eigarane av almenninga fra og med rekneskapsåret 1994 eit årleg kontantutbytte av same størrelse som det er gjeve bruksrettsytningar.

| | |
|-------------------------------|--------------|
| Sum bruksrettsytningar i 2024 | 1 131 755 kr |
| Sum kontantutbytte i 2024 | 1 131 755 kr |

Note 7 - Fond

Erstatningsfond Øvre Otta og Utviklingsfond er styrt etter egne statuttar der styret i almenninga er styre for fondsmidler. 10 % av renteavkastninga skal kvart år tilleggast grunnkapitalen. Styret kan bestemme at ein andel av årets avkastning på fondsmidlane kan nyttast til almenninga og almenningsnyttige formål. Statuttane tilseier at grunnkapitalen skal stå urørt. Statuttane kan kun endrast etter innstilling fra styret og etter vedtak fra dei som har eigendomsrett/bruksrett etter bestemte krav til fleirtal.

Verneområdeerstatning er også styrt etter egne statuttar (vedteke i styresak 2015/5) der styret i almenninga er styre for fondsmidler. Midlane skal fortrinnsvis stå på eigen bankkonto. 5 % av renteavkastninga skal kvart år tilleggast grunnkapitalen. Grunnkapitalen skal ikkje utbetalast til dei som har bruksrett og/eller eigendomsrett i Skjåk Almenning.

| Fond | Grunnkapital 1.1. | Avkastning 2024 | Tillagt grunnkapital | Bruk i 2024 | Grunnkapital 31.12. |
|---------------------------|----------------------|-----------------|-------------------------|-------------|------------------------|
| Erstatningsfond Øvre Otta | 4 085 760 | 198 870 | 19 887 | 185 000 | 4 105 647 |
| Utviklingsfond | 6 061 684 | 295 078 | 29 508 | 275 000 | 6 091 192 |
| Verneområdeerstatning | 18 363 091 | 911 955 | 45 598 | 647 000 | 18 408 689 |



Note 8 - Annan egenkapital

| | |
|---------------------------------|-------------------|
| Annan egenkapital 1.1. | 52 040 962 |
| Tilført frå Erstatningsfondet | 185 000 |
| Tilført frå Utviklingsfondet | 275 000 |
| Årets resultat | 3 743 183 |
| Annan egenkapital 31.12. | 56 244 145 |

Note 9 - Aksjer, aksjefond og andelar

Aksjefond:

| | | |
|-----------------|----------------------|----------------------------|
| <i>Kostpris</i> | <i>Bokført verdi</i> | <i>Markedsverdi 31.12.</i> |
| 2 010 000 | 2 010 000 | 2 455 617 |

Aksjer/andelar:

| | <i>Eigarandel</i> | <i>Antal aksjar</i> | <i>Pålydende</i> | <i>Bokført verdi</i> |
|------------------------------|-------------------|---------------------|------------------|----------------------|
| <u>Datterselskap:</u> | | | | |
| Skjåk Trelast AS | 100% | 3 740 | 2 434 | 9 103 160 |
| Skjåk Biovarme AS | 60% | 1 200 | 1 000 | 1 200 000 |
| <u>Andre selskap:</u> | | | | |
| Måråe Kraftverk AS | 50% | 2 500 | 1 000 | 2 500 000 |
| AS Vågåfisk | 1,6% | 1 | 10 000 | 10 000 |
| Skjåk Turløyper SA | | 2 | 1 000 | 2 000 |
| Fishspot SA | | 1 | 1 000 | 1 000 |
| Glommen Mjøsen Skog SA | | | | 647 500 |

Note 10 - Andelskapital

Ingen av andelseigarane eig meir enn 5% av andelskapitalen.